



Utdanningsforbundet ynskjer å gje nokre kommentarar og utdjupe nokre konsekvensar til utgreiingsoppdrag nr. 5, dei økonomiske rammene for drift av dei vidaregåande skulane, punkt 3 om tal lærartimar:

Til 3.1 reduksjon i tal tilleggstimar og delingstimar:

Å ta bort tilleggstimar innan studiespesialiserande har i fylje utgreiinga eit samla innsparingspotensiale på 8,1 mill. Dersom ein vel å ta bort alle tilleggstimar på studiespesialiserande for skular med ein og to parallelar, føreset Utdanningsforbundet at hovudutvalet då fastset kva skular som tilbyr kvart av dei to programområda, språk og samfunnsfag og realfag, på studiespesialiserande vg2 og vg3.

Dette vil vere same praksis som ein i dag har ved at ein i tilbodssaka fordeler kva skular som har tilbod om kva programområde på vg2 yrkesfag. På same måte som for tilbodsstrukturen i yrkesfag vil dette føre til at fleire elevar må byte skule frå vg1 til vg2/vg3.

Til 3.2 Slå saman yrkesfaggrupper i fellesfag:

Utgreiinga føreslår å slå saman grupper på vg2 yrkesfag i kroppsøving og samfunnsfag, og legg til grunn at dette vil ha relativt små konsekvensar for kvaliteten i opplæringa.

Konsekvensane for kvaliteten i opplæringa vil ein primært sjå på andre område enn akkurat i desse to faga. Forslaget vil føre til at skulen får ein reduksjon i tildelte midlar. I dag kan skulen gjere desse vurderingane sjølv og på den måten skaffe seg eit økonomisk handlingsrom som kan nyttast på andre områder som skulen sjølv prioriterer. Reduserer ein det økonomiske handlingsrommet vil skulane måtte bruke mindre pengar på ting som ein i dag opprioriterer fordi ein meiner det er viktig for kvaliteten og for elevane.

Vi vil elles minne om at vi i dag er eit sjukefråvære på ca5%. I tildelingsmodellen til skulane har kvar skule eit vikarbudsjettt på 1% av lønsmassen. Her må skulane finne midlar ved å omprioritere eller ved å la vere å sette inn vikar ved sjukefråvær. I tillegg må skulen finne dekning for fråvær for å delta på kurs, vidareutdanning/etterutdanning.

Til 3.4 Bortfall av lærarar sine undervisningstimar – omdisponering av læraren si undervisningstid:

I utgreiinga er innsparingspotensialet ved ei bortteljing av undervisningstid på 5% stipulert til 12 mill. Dei personalmessige konsekvensane av dette er om lag 24 årsverk/stillingar. I utgreiinga fram står

det som slik bortteljing av timar ikkje vil ha konsekvensar for kvalitet.

Utgreiinga legg til grunn at ein skal telle bortfall av lærar sine undervisningstimar sjablongmessig, slik at ein tel bort 5% for alle uavhengig av om det reelle bortfallet er større eller mindre enn 5%. Å gjere bortteljinga av timar slik vil slå tilfeldig ut blant dei tilsette og vil vere urimeleg. For nokre lærarar kan bortfallet av undervisningstimar vere større enn 5%, andre vil knapt ha bortfall av timar. Dette vil kunne variere frå skule til skule, frå utdanningsprogram til utdanningsprogram, mellom årstrinna og ut frå kva vekedagar undervisninga er plassert i timeplanen. På grunn av at utslaga vil vere så tilfeldige og urimelege, vil lærarane ikkje kome til å akseptere at ein tel bort timar likt hos alle.

Å telje bort undervisningstimar slik det er skissert i utgreiinga har ein del praktiske problem. Omdisponering på 5% gjev om lag ein undervisningstime meir per veke for kvar lærar – og læraren kan då ikkje samstundes vere disponibel på det tidspunktet arbeidstida er flytta bort frå. Dersom ein omdisponerer arbeidstida til lærarane frå første skuledag, kven tek då imot elevane og elevane den informasjonen dei treng? Dersom ein omdisponerer arbeidstida til læraren frå aktivitetdagen med fotballturnering, kven organiserer og legg til rette for turneringa? Og kven er med elevane på turneringa? Dersom læraren si arbeidstid er omdisponert frå teaterframsyninga med den kulturelle skulesekken, kven gjer då førearbeidet med elevane til teaterbesøket, er med elevane og følg opp teaterstykket i norsktimen etterpå? Dersom læraren si arbeidstid er omdisponert frå førebuingdagen til eksamen, kven er den faglæraren som elevane i mange eksamensfag har krav på skal vere tilgjengeleg for å gje rettleiing?

At undervisningsomgrepet heller ikkje er klart definert, gjer òg teljinga vanskeleg.

Utdanningsdirektoratet har, på førespurnad frå Elevorganisasjonen, tidlegare lagt til grunn at for at timar skal reknast som undervisning føreset det at det er ein lærar der. Dersom berre undervisning etter timeplanen skal reknast som undervisning, vil elevane gå glipp av mykje god læring og ein vil få eit smalare spekter av metodar og pedagogiske tilnærmingar til fagstoff. Lærarane er opptekne av at elevane skal få undervisningstimane dei har rett på. Det er elevane som «eig» årstimetalet i ulike fag. Vi kan vanskeleg sjå korleis elevane skal få det årstimetalet i ulike fag som dei har rett på, dersom ein tel bort undervisningstimar slik det er presentert i utgreiinga.

Dersom ein ynskjer å telje bortfall av lærar sine undervisningstimar, vil ei sjablongmessig bortteljing ikkje vere akseptabel for Utdanningsforbundet. Skal ein telje bortfall av undervisningstimar, må det gjerast som ei reell individuell teljing, og det må på individnivå kunne dokumenterast kva timar som er telt bort og kva timane er omdisponert til. Det er òg ein føresetnad for at ein skal kunne ha kontroll på at elevane får det årstimetalet dei har rett på. Til omdisponeringa er det òg eit krav til at ein *samtidig* må kunne gjere greie for både kvar det er trekt frå arbeidstid og kvar denne arbeidstida er lagt til. Bortteljing av undervisningstimar vil dermed ha betydelege administrative kostnader.

Administrative kostnader vil redusere den innsparinga som utgreiinga skisserer. I tillegg må ein rekne med at dersom arbeidsgjevar vel å telje bort timar, vil det medføre at òg tilsette vil telje timar. Lærarane er primært er opptekne av oppgåvene som må løysast. Det betyr at lærarar stiller opp på idrettsdagar eller andre dagar med alternativt pedagogisk innhald utan å sjå på arbeidstida si, at kontaktlærarar brukar vesentleg fleire timar til oppfylging av elevar enn tidsressursen dei har, at ein

ikkje reknar på at ein hadde åtte timar undervisning på ein førebuingdag til eksamen sjølv om timeplanen sa at der eigentleg låg to.

Ein stiller opp ekstra når det trengs fordi ein veit og har tillit til at ein òg får det att, og fordi ein er opptatt av elevens beste. Eit system med bortteljing av undervisningstimar undergrev den tilliten til læraren. Dermed vil læraren også telje på sin tidsbruk. Innfører fylkeskommunen bortteljing av undervisningstimar, må ein rekne med at mange vil møte dette med lønnskrav dei i dag ikkje stiller. Døme på slike sannsynlege «motkrav» til bortteljing kan vere:

- kontaktlærer som har elevar som krev oppfylgning ut over avsett timeressurs på ein time for veka vil kunne krevje meirarbeidet godtgjort som overtid
- overtid for førebuing av elevar til eksamen på obligatorisk førebuingdag der elevane har krav på tilgang til faglærer
- overtid for førebuingdagar og eksamensdag for munnleg eksamen eller tverrfagleg eksamen med eigne elevar

Viktigare enn dei reint økonomiske storleikane, er kva timeteljing gjer med skulekulturen og tilhøvet mellom lærarar og leiing. Bortteljing av undervisningstimar har vore innført i fleire andre fylkeskommunar tidlegare. Erfaringane er at det gjev høgt konfliktnivå og at det konfliktnivået er vedvarande. Streiken som var i 2014 handla om at lærarane opplevde ein uttrykt mistillit frå arbeidsgjevarsida til at ein gjorde jobben sin og brukte arbeidstida til beste for elevane. Bortteljing av timar vil trykke på mange av dei same punkta som gjorde at reaksjonane blant lærarane var så sterke og «tillitskrisa» så stor for eit år sidan. Det er grunn til å tru at ei sjablong messig bortteljing av undervisningstimar vil – uavhengig av kva intensjonar som eigentleg ligg til grunn – vil bli oppfatta som ei kollektiv mistillitserklæring til lærarane.

I fellesskuleringa for den nye arbeidstidsavtalen var det understreka at framfor å telje timar, burde søke løysingar med utgangspunkt i skulen og elevane sine behov, og som samstundes bygde opp under samarbeidskultur og profesjonalitet. Å telje bortfall av undervisningstimar vil verke i stikk motsett retning. Det vil føre til at ein får system innretta mot teljing og kontroll, framfor ein kultur for at ein skal løyse eit opplæringsoppdrag saman slik at elevane får ein skule med best mogeleg kvalitet.

Utdanningsforbundet Sogn og Fjordane

20. mai 2015

Rune Hovland
Alf Reidar Myrstad
Hilde Kvamsås Aa